



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	28.05.2015	091/15	KDA
Formannskapet	28.05.2015		KDA
Kommunestyret	04.06.2015	062/15	KDA

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandler: Kristine Dahl, Cecilie Marie Åshamar, Asbjørn Tverberg	Arkiv: 141 Objekt:	Arkivsaknr 15/572
---	-------------------------------------	-----------------------------

Vedtak - arealdelen til kommuneplanen - 2015 - 2027 - Eid kommune

Prenta vedlegg:

1. Planomtale med vedlegg
 - a) Vedlegg 1: Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse
 - b) Vedlegg 2: Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet
 - c) Vedlegg 2 (tillegg): Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet – etter andre offentlege ettersyn
 - d) Vedlegg 3: Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø
2. Plankart (oppdatert versjon vert lagt til før behandling i formannskapet)
 - a) Del 1
 - b) Del 2 Faresone
3. Føresegner og retningslinjer (oppdatert 21.05.15)
4. Kommunedelplan for Hjelmelandsdalen – Plankart
5. Kommunedelplan for Hjelmelandsdalen - Tekstdel

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova

Kva saka gjeld:

Vedtak av kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet i Eid vedtok i møte den 19. mars 2015 å leggje kommuneplanen sin arealdel ut til 2. gangs offentleg ettersyn.

Arealdelen låg ute til offentleg ettersyn i perioden 25. mars til 7. mai. 2015. I samsvar med forvaltningspraksis fekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen utsatt uttalefristen. Endeleg fråsegn frå Fylkesmannen vart motteke den 18. mai 2015.

Saksutgreiing:

Det har kome inn totalt 32 merknader i samband med det offentlege ettersynet. Innspela er komne både frå privatpersonar, grend- og utviklingslag og offentlege instansar.

Vedlagt saka ligg dokumentet «Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet – etter andre offentlege ettersyn», der er hovudmomenta i innkomne innspel trekte fram og vurderte. Alle innspela er elles offentleg tilgjengelege, og kan hentast fram og lesast i sin heilskap via kommunen si innsynsløysing. Ein finn desse under sak 15/572.

Eit relevant spørsmålet i denne samanheng er kva moglegheit formannskapet og kommunestyret har for eventuelt å etterkome innspela og gjere endringar i planen, utan at dette krev eit nytt offentleg ettersyn.

Det går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 11-15, om vedtak av kommuneplanen, at dersom *«kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling»*.

I førearbeida til pbl. § 11-15, Ot.prp. nr. 32 (2007 – 2008), står det følgjande om dette kravet:

«Dersom kommunestyret vil gjøre endringer i planen som ikke har vært på høring eller offentlig ettersyn, må disse endringene tas opp til ny behandling. Kommunestyret må da sende saken i retur til administrasjonen, som forbereder en ny sak. Dersom endringene er av en slik karakter at de faller inn under reglene i § 4-1 om planprogram, skal det utarbeides et slikt program, jf. § 11-13. Forslaget sendes deretter på ny høring og offentlig ettersyn av de endringene kommunestyret ønsker å gjøre, jf. § 11-14. Planendringen sendes så for behandling i kommunestyret, jf. § 11-15. Bakgrunnen for bestemmelsen er å sikre at alle deler av kommuneplanen har vært gjenstand for nødvendig formell planprosess og at virkningene av planen er tilfredsstillende vurdert».

Kort sagt inneber dette at dersom formannskapet eller kommunestyret føreslår ein bruk av eit areal som ikkje tidlegare har vore ute til høyring/offentleg ettersyn i planprosessen, så må endringa ut på høyring og offentleg ettersyn før arealdelen kan vedtakast. Ei tilbakeføring til eksisterande arealbruk i gjeldande plan, krev ikkje ny høyring/ettersyn.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Vurdering:

Nedanfor vil dei viktigaste innspela/motsegnene frå offentlege instansar bli attgjevne og kommenterte. Nokre innkomne innspel frå private aktørar vil også bli trekte fram og kommenterte. Desse innspela gjeld merknader til arealbruk i område med interessekonflikter.

Innkome innspel frå offentlege instansar

Informasjon om motsegner

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Statens vegvesen har kome med motsegner til arealdelen.

Det går fram av pbl. § 5-4 at statlig og regionalt organ kan fremje motsegn til kommuneplanen sin arealdel i spørsmål som er av «*nasjonal eller vesentlig regional betydning*». Det går fram av førearbeida, Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) at det er «*vedkommende myndighet selv som skjønnsmessig avgjør om et spørsmål er av nasjonal eller vesentlig regional betydning*».

Konsekvensen av at det ligg føre fleire motsegner til arealdelen er at kommunestyret ikkje kan vedta planen før desse er fråfalne. I den grad det berre ligg føre motsegn som knyt seg til ein klårt avgrensa del/delar av planen, så kan kommunestyret vedta at dei andre delane av arealdelen skal ha rettsverknad.

Når det er kome inn motsegner, så må kommunen ta stilling til desse og avgjere om motsegnene kan imøtekomast. Dersom motsegnene vert imøtekomne, vil motsegnene falle vekk. Dersom kommunen ikkje finn å kunne ta omsyn til motsegna, skal det ordinært meklast mellom partane. Dersom ein då ikkje oppnår semje, treff kommunen eit planvedtak og sender planen og motsegna, med tilrådinga frå meklar, til departementet. Departementet avgjer då om motsegna skal takast til følgje og at planen skal endrast, jf. pbl. § 5-6.

Motsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen har som nemnt lagt ned fleire motsegner til føreselegen arealbruk i Eid kommune.

Ein del motsegner kan imøtekomast gjennom endring av innhald eller oppsett av føresegner med vedlegg til kommuneplanen, og medfører i liten grad endringar i arealdelen.

Motsegnene som går på arealbruken rettar seg i hovudsak til føreselegen arealbruk i sjø og vassdrag, og då utbygging av enkeltståande sjøhus og hytter i mindre sjønære område. Rådmannen går inn på desse motsegnene her:

- Krev at arealføremålet «fritidsbustad» og «sjøhus» vert teke ut i følgjande område
 - BA02 Midthjell
 - BA04 Løkja
 - BAB16 Åshamar
 - BAB21 Torheim
 - BAB24 Hundvik

Rådmannen sin kommentar:

Områda er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. I føreselegen plan vart det, på bakgrunn av innkomne innspel, opna opp for ein kombinert arealbruk i desse områda. Det vart opna for både naust, fritidsbustadar, sjøhus og næring. Denne kombinerte arealbruken skulle gje grunneigar fridom til å velje korleis eigedomen skulle utviklast i framtida.

Rådmannen har funne å kunne imøtekomme motsegna frå fylkesmannen, slik at det ikkje vert opna for private fritidsbustadar og sjøhus i desse områda. Rådmannen ser at ein så «vid» arealbruken kan vere i strid med dei nasjonale føringane for bruk av strandlina, og finn då ikkje grunnlag for å krevje mekling for desse områda. Områda er nokså små og avgrensa, og etablering av sjøhus/hytte i områda vil kunne medføre ei privatisering av strandsona. Ved etablering av ein fritidsbustad/sjøhus vil området rundt bygget reknast som innmark og vert såleis privat. Det motsette gjeld ved naust, der ålmenta kan ferdast inn til naustveggen. Det vil framleis vere mogleg å nytte områda til anna sjøretta aktivitet, der dette ligg inne i arealføremålet. Det er heller ikkje slik at grunneigar for all framtid er avskore frå å få etablert ein fritidsbustad. Ei eventuell etablering av hytteområde ved sjø kan avklarast i seinare detaljreguleringsplanar med konsekvensutgreiing for enkeltområda. Men resultatet av ein slik reguleringsprosess kan sjølvstøtt ikkje forskoterast i denne saka.

- Krev at områda LFN1 og LFN2 på Midthjell vert teken ut av planen.

Rådmannen sin kommentar:

Områda er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. Rådmannen har funne å kunne imøtekomme motsegna, då vi ser at arealbruken kan vere i strid med dei nasjonale føringane for bruk av strandlina

I føresleegen arealdel vart områda avsett til LNF-område med høve til spreidde fritids- og næringsbygg. Fylkesmannen har kome med motsegn til arealbruken, og har mellom anna peika på det ikkje er konkretisert kor mange bygningar som kan tillast i området og kva type næring som er aktuell. Rådmannen sit heller ikkje på denne typen informasjon i dag. Områda er ikkje utbygde i dag, og er såleis urørte. Rådmannen meiner at ein så detaljert arealbruk som Fylkesmannen krev, må vurderast i ein eventuell detaljreguleringsplan og ikkje i kommuneplanen.

- Krev at føreslege motorferdselsløyper i Hjelmelandsdalen vert tekne ut av planen.

Rådmannen sin kommentar:

Fylkesmannen viser til at endringane i motorferdselslova gjev opning for snøscooterkøyring fastsett i forskrift og ikkje i plan. Rådmannen er kjend med dette. Løypene for Hjelmelandsdalen er meint som moglege løypetrasear for td. trakkemaskin for catskiing. Det er varsla oppstart av loveendring for etablering av trasear for catskiing. Dersom lovendringa kjem på plass, vil ein måtte greie ut og avgjere kvar desse traseane skal gå. Kommunen har ikkje høve til å avgjere dette i denne planprosessen, og rådmannen har difor teke ut løypene frå plankartet. Dersom formannskapet eller kommunestyret ynskjer å ta inn att desse løypene på plankartet, så vil motsegna frå Fylkesmannen kome inn. Kommunestyret kan då eventuelt godkjenne arealdelen, med med unntak for desse klart avgrensa løypetraseane, jf. pbl. § 11-16. Kommunen vil då måtte gå til mekling på løypene for motorferdsel i Hjelmelandsdalen.

- Krev at område BA04 – Løkja vert teken ut av planen

Rådmannen sin kommentar:

Fylkesmannen har trekt motsegna etter samtaler med kommunen. Området er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. Området som er avsett til BA04 er tenkt nytta til næringsføremål i form av utleigebygg til fritids- og turistføremål. Dette er ein arealbruk som Fylkesmannen finn å kunne akseptere. I motsetnad til oppføring av enkeltstående fritidshytter/sjøhus i strandsona. Etter dialog med fylkesmannen er det semje om at området kan justerast/utvidast mot nord. Det er satt krav om reguleringsplan før utbygging kan skje. Området vest for BA04 er friluftsområdet/badestranda Løkjasanden. Dette området skal vere offentleg tilgjengeleg som i dag, og skal ikkje byggast ned eller privatiserast.

Andre tilrådingar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- BRU05 og BRU06 – Råstoffutvinning – Vedvikmona

Fylkesmannen viser til at massetaket vil få store negative konsekvensar for naturmangfaldet. Fylkesmannen viser vidare til at området er omtala i rapporten «Kvartærgeologisk verneverdige førekomstar i Sogn og Fjordane» (Av R. AA og E. Sønstegaaard, SFDA for DN). Der er området omtalt som «den største gjenverande delen av ein sandur som er bygd ut over leirsletta i Eidsdalen i Yngre Dryas for ca 10 500 år sidan.».

Fylkesmannen skriv vidare om desse området:

*«Dette område er den einast sanduren i Sogn og Fjordane som er omtalt og teke med i denne rapporten. Området har store naturfaglege verdiar. Før det kan opnast for uttak i nye område av denne førekomsten, må verdiane av området kartleggast og vurderast nærare av personar med rett fagekspertise. Det må vurderast og avklarast om det er mogleg å gjere tilpassingar t.d. ved å opne for uttak i delar av området. Vi rår primært til å ta råstoff-utvinningsområde BRU5 og BRU6 ut av planen. Alternativt må det innarbeidast eit krav i føresegnene til arealdelen om at verdiane i området skal kartleggast og vurderast nærare i samband med reguleringsplanen. **Vi forbeheld oss retten til å nytte motsegn mot heile eller delar av reguleringsplanen**».*

Rådmannen sin kommentar:

Områda er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. Rådmannen har ikkje gjort endringar i plankartet som følgje av fråsegna til Fylkesmannen, men ser at særleg område BRU05 er eit område der fleire motstridande interesser gjer seg gjeldande.

Som det går fram i saksutgreiinga, under «Innkome innspel frå bedrifter, privatpersonar, bygdelag m.m», så har det kome inn fleire innspel til arealbruken for området, og då særleg område BRU05. Desse vil bli kommenterte under dette punktet.

På bakgrunn av fråsegna frå Fylkesmannen, må det elles seiast å vere uavklart om ein kan få godkjent ein reguleringsplan for heile eller delar av området BRU05 og BRU06. Formannskapet og/eller kommunestyret må vurdere om fråsegna til Fylkesmannen skal vege så tungt at områda BRU05 og BRU06 for råstoffutvinning vert tekne ut av arealdelen.

Motsegn Statens vegvesen

Vegvesenet fremjar motsegn til veganlegg (område S02) og trase for ferjefri kryssing Lote – Anda med tilhøyrande tunnell til Hjelle.

Rådmannen sin kommentar:

Område S02 er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. Rådmannen har funne å kunne imøtecome delar av motsegna frå Statens vegvesen ved å ta ut område S02 og trase for tunell mellom Lote og Hjelle, mellom anna fordi arealformålet i dette området gjev grunnlag for grunneigar å krevje området innløyst. Dersom det på eit seinare tidspunkt vert aktuelt med tunnell i dette området er det høve til å utføre revisjon av kommuneplanen med ei konsekvensutgreiing av endra arealbruk i området.

Rådmannen finn ikkje å imøtecome motsegn knytt til vegtrase for bru Lote – Anda, då denne vegtraseen er vidareført frå gjeldande arealdel. Denne arealbruken er avklart i tidlegare planprosess ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel og kommunen har på denne bakgrunn set i gong planarbeid for ferjefrikryssing av Lote-Anda. Rådmannen kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å ta denne traseen ut av planframlegget ved vedtak av ny arealplan.

Statens vegvesen har ikkje fråfalle motsegna på noverande tidspunkt. Dersom motsegna ikkje vert fråfalle på dette punktet må kommunestyret vurdere om dei vil ta omsyn til motsegna.

Sidan motsegna knyter seg til klårt avgrensa delar av planen, kan kommunestyret likevel vedta at resten av planen skal ha rettsverknad, jf. pbl. § 11-16 første ledd. Dersom kommunestyret ikkje finn å kunne ta omsyn til motsegna vil prosess med mekling og avgjerd av departementet, jf. pbl. § 5-6, som skildra tidlegare i saksutgreiinga, bli sett i verk.

Saka vil bli oppdatert på dette punktet når Staten vegvesen kjem med tilbakemelding på førespurnad om å fråfalle motsegna.

Innkomne innspel frå bedrifter, privatpersonar, bygdelag m.m.

Område for råstoffutvinning – BRU05 Vedvikmona

- Uttale frå Hjelle Krins utviklingslag

Utviklingslaget ynskjer at BRU05 vert teke ut av arealplanen av omsyn til bustadmiljøet, støy og anleggstrafikk. Dersom BRU05 verte teken med i arealdelen meiner dei at fylkesvegen må flyttast. Utviklingslaget oppmodar om at det vert gjennomført synfaring for å kunne setje seg inn i konsekvensane av føreslegen arealbruk.

- Uttale frå Volda maskin ved Erik Ludvigsen

Volda maskin ber om at grøntkorridoren mot busetnad vest for området for råstoffutvinning, BRU05, vert redusert til 50 meter. Volda maskin meiner at det er høve til å ivareta omsynet til nabo gjennom ein grundig reguleringsprosess. Ber vidare om at forslaget om å leggje om fylkesvegen vert vurdert nærare.

- Uttale frå Kolbjørn Alsaker

Ynskjer at det vert sett av ei buffersone mot bustaden i samband med planlagd massetak.

- Uttale frå Asbjørn Bjørlo

Ynskjer ein samla plan for masseuttak i kommunen og meiner at området for massuttak må avgrensast til området sør for vegen i denne planperioden. Peikar på at eit masseuttak vil gje varige endringar i landskapet og at dette vil vere negativt for bustadmiljøet.

Rådmannen sin kommentar:

Høyringsrunden har avdekt at det ligg føre fleire motstridande interesser knytt til etablering av område for råstoffutvinning. Slik rådmannen ser det, så har kommunen som planmynde no fått eit godt grunnlag for å vurdere kva type arealbruk som etter kommunens skjønn bør vere i Vedvikmona.

Rådmannen har ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i arealføremålet for BRU05. Dersom formannskap/kommunestyre ynskjer å gjere endringar i arealbruken, tilrår rådmannen, på bakgrunn av innspelet frå Fylkesmannen, at ein vurderer å ta ut heile BRU05 og BRU06 ut av arealplanen framfor at det vert gjort reduksjonar i arealføremål.

B19 – Vedvikmona

- *Uttale frå Norsand AS ved advokat Lothe*

Området B19 ligg vest i eksisterande massetak i Vedvikmona. Området vert disponert av Norsand. Advokat Lothe ber om at gjeldande reguleringsplan for massetak skal gjelde framfor arealdelen, som har avsett delar av området til bustad.

Rådmannen sin kommentar:

Innspelet vert imøtekome, slik at området kan nyttast til råstoffutvinning i samsvar med reguleringsplanen.

Bustadområde B18 Mogrenda

Området er nærare omtala og avbilda i dokumentet Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse, og kan studerast nærare der. Område B18 vart føreslege utvida av formannskapet i møte den 19. april. Det har kome inn merknader til forslaget.

- *Uttale frå Rune Lefdal*

Meiner at området rundt Firda kaserne må vere eit betre alternativ for bustadbygging, når Firda kaserne etter kvart kan overtakast av kommunen. Dersom B18 skal vidareførast, så må området og storleiken på B18 justerast og endrast, slik at det vert frivillig sal frå grunneigarane. Peikar på at det er planlagt nydyrking av ca 10 dekar som grensar til B18 og meiner at arealbruken kjem i konflikt med landbruksinteresser. Er difor negativ til arealdisponeringa.

- *Jon Leivdal*

Ber om at gnr. 56 bnr. 5 vert teke ut av område B18 av omsyn til landbruksinteresser og råstoff-førekomstane.

- *Uttale frå Hjelle krins utviklingslag*

I tillegg til bustadområdet B18 er det ynskjeleg at eit større område, Hjelleåsen, vert sett av til bustadføremål. Utviklingslaget ynskjer tilgang på billige tomter i nærleiken av skulen.

Merknader frå rådmannen:

Rådmannen har ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i arealdelen for område B18. Motstridande interesser gjer seg gjeldande for heile Mogrenda, og fleire område har vorte vurdert som moglege framtidige bustadområde. Formannskap og kommunestyre må ta stilling til om innspela om å redusere B18 skal imøtekomast.

Rådmannen finn ikkje grunnlag for å ta inn Hjelleåsen som nytt bustadområde i arealdelen. Dette vil krevje nytt offentleg ettersyn. Det er vidare usikkert i kor stort omfang det kan etablerast tomter i området og kostnadane for framføring av infrastruktur kan bli høge på grunn av bratt terreng. Eit nytt bustadområde kan eventuelt vurderast i samband med ny rullering av arealdelen eller i samband med ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing.

Område til næring på Norsmona og LNF-området

- Uttale frå Norsand ved advokat Lothe:

Lothe orienterer innleiingsvis om Norsand sin aktivitet i Norsmona og er kritisk til at området rundt Norsand er avsett til LNF-område. Advokat Lothe ber om at området i Norsmona vert avsett til næringsområde, slik arealet var avsett til ved 1. offentleg ettersyn. Advokat Lothe peikar på at Norsand treng areal i samband med næringsverksemda, og meiner at det er bedriftsøkonomisk uheldig å måtte flytte bedrifta til nye område.

Merknader frå rådmannen

Rådmannen har ikkje funne grunnlag for å gjere endringar i planen for området i Norsmona. I gjeldande arealplan er området avsett som område HJ 04 område for råstoffutvinning med krav om reguleringsplan. Det er ikkje avsett til eit område for generell næringsverksemd. Etterbruk for området er vurdert til LNF-formål.

Det er riktig at området vart føreslege avsett til næringsområde i samband med utlegging til 1. offentleg ettersyn. I planframlegget til 2. gangs offentleg ettersyn var rådmannen si vurdering den at råstoffutvinninga i stor grad var avslutta og at området kunne førast tilbake til LNF-område, i samsvar med føringane i gjeldand plan og i samsvar med innspel frå grunneigar som melde frå om at området skulle nyttast til landbruk.

Rådmannen vil elles peike på at det i rådmannen sitt planforslag til 2. gangs offentleg ettersyn låg inne eit tilgrensande område til Norsand sin eigedom på vel 22 dekar som næringsområde. Dette området vedtok formannskapet å tilbakeføre til LNF-område. Dei privatrettslege eigartilhøva i området tok rådmannen ikkje omsyn til i samband med vurderinga av arealbruken for dette området.

Når det gjeld Norsand sine merknader og ynskjer om at kommunen skal oreigne arealet, så har rådmannen ikkje funne dette aktuelt. Til no har kommunen sin oreigningspolitikk vore at oreigning av areal i kommunen først og fremst vil vere aktuelt der sterke offentlege interesser seier det. Oreigning kan såleis bli aktuelt i samband med regulering og utbygging av område til offentleg føremål, t.d. skule, sjukeheim og vassverk.

I tillegg til å kunne tilby og sikre offentlege tenester, så har kommunen eit tilretteleggingsansvar. I dette ligg det at kommunen bør syte for at det finst tilstrekkelege areal som kan nyttast til bustad- og næring, slik at ein kan sikre vekst og utvikling i kommunen. I den grad ein har vurdert oreigning av areal til bustad- og næringsføremål, så har dette blitt gjort for å kunne tilby fleire interessentar/fellesskapet tomt i eit større offentleg bustad- eller næringsområde. Kommunen har avsett eit større område til næring frå Nor mot Kviane, der det også er opna for råstoffutvinning. Det er pårekeleg at dette området vert bygd ut i offentleg regi. Å avsetje eit område i Norsmona til næringsføremål, for så å regulere og oreigne dette for vidaresal til berre ein privat aktør som tilbyr private tenester, har ikkje vore ein del av kommunen sin arealpolitikk fram til no. Rådmannen har difor ikkje lagt avgjerande vekt på innspelet frå advokat Lothe. Kommunen som planmynde, formannskap og

kommunestyre må vurdere om føreselegen arealbruk er mest ønskjeleg for området, eller om området skal avsetjast til næringsføremål.

Setrane i Eid

Det har i høyringsperioden kome inn innspel knytt til arealføremål og føresegner for tre av setrane i Hjelmelandsdalen. Innspela vil kort bli presenterte nedanfor.

- Grunneigarane på Nakkesætra/Tippasætra ved H. Haugland og P. P. Oos
Grunneigarane viser til tidlegare innsendt innspel med forslag til framtidig bruk av Nakkesætra og Tippasætra. Grunneigarane undrar seg over tidlegare oppmodingar om å kome med innspel, når desse ikkje vert tekne til følgje.

Grunneigarane meiner at det bør kunne tillatast setrehus både på og utanfor sætrekvia på 70 m² og at det bør kunne førast opp uthus på inntil 12m². Det må vere høve til å leggje inn straum og toalett bør kunne koplast til lukka tank. Det må vidare vere høve til å rive bygningane når byggets tilstand tilseier det, og det må vere høve til å byggje på ubygde tomter. Frådelig og grensejustering må også vere mogleg.

- Jim Haugland
Haugland lagt ved eit kartutsnitt, og ber om at omsynssone for kulturmiljø, som ligg på setrekvia, vert justert i samsvar med kartutsnittet. Haugland ynskjer vidare å kunne bygge på fritidstomt som tidlegare er delt frå. Ovannemnde grunneigarar for Nakkesætra/Tippasætra støttar innspelet om å endre omsynssona.

- Grunneigarane på Bjørhovdesætra ved Henry Løkling
Grunneigarane viser til tidlegare innsendt innspel med forslag til framtidig bruk av Bjørhovdesætra, og undrar seg over tidlegare oppmodingar om å kome med innspel, når desse ikkje vert tekne til følgje.

Grunneigarane meiner at det bør kunne tillatast setrehus både på og utanfor setrekvia på 75 m² og at det bør kunne førast opp uthus på inntil 20m². Det må vere høve til å leggje inn straum og toalett bør kunne koplast til lukka tank. Det må vidare vere høve til å rive bygningane når byggets tilstand tilseier det, og det må vere høve til å byggje på ubygde tomter. Frådelig og grensejustering må også vere mogleg.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen forstår ynskja til grunneigarane på desse setrane i Hjelmelandsdalen, og kan også forstå at ein ikkje er nøgde med at innsendte innspel ikkje er imøtekomne.

Nakkesætra, Tippasætra og Bjørhovdesætra inngår i dag i kommunedelplanen for Hjelmelandsdalen. Denne planen vert erstatta av kommuneplanen sin arealdel når den vert vedteken. I samband med kommunedelplanarbeidet vart det gjort ei vurdering av setremiljøet i Hjelmelandsdalen og dei ovannemnde setrane vart vurdert spesielt. I føreselegen arealplan er føresegnene for setrane i stor grad vidareført. Ytterlegare informasjon om desse vurderingane, finn de i vedlagt kommunedelplan. Mindre utdrag frå kommunedelplanen vil elles bli attgjeve under.

For Tippasætra står det følgjande i kommunedelplanen:

«Området vest for setra som er utbygd med hytter kan fortettast med nokre fleire hytter utan at det forringer setra. Resten av setra bør bevarast utan bygging av nye fritidshus. Det kan

gjerast unntak for eit område rett sør for setra som kan knyttast opp mot eksisterande felt for utleiehytter».

I område 1 vest for Tippasætra kan det byggast seks nye fritidsbustadar, og i område 2 sør for setra kan det byggast tre nye. Desse reglane er vidareført i arealdelen, og det er også opna opp for oppføring av større hytter enn i kommunedelplanen.

For Nakken står det mellom anna følgjande:

«Det ligg 7 hus på setra. Nord-vest for setra ligg 3 hytter. Desse er gjerda inn med skigard og skil seg frå setra i farge og materialbruk.

To av dei opphavlege husa på setra er moderniserte. Dei har fått satt inn nye vindauge, nye detaljar, endra fargebruk og taktekke. Det eine huset har fått tilbygg.

Nakken er godt bevart. Det vert ikkje tilrådd bygging av fritidshus på setra».

Bjørhovdesætra er også omtala, og i omtalen står det mellom anna:

«Bygging av nye fritidshus er ikkje aktuelt på Bjørhovdesetra. Det bør vere sterke føringar for modernisering av sela. Det vil ikkje øydeleggje for setra som kulturminne. Men i dei mest urøyrtede områda bør det ikkje byggast nye fritidshus, og det bør vere sterke føringar for modernisering av sela. Det bør også sikrast god buffersone mot desse områda».

Setrane er i føreselegen plan avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde med høve til spreidd hyttebygging. Men i tilknytning til setrekvia og det aller næraste setremiljøet er det lagt ei omsynssone for kulturmiljø. Til denne omsynssona ligg det retningslinjer, som i stor grad vidarefører gjeldande retningsline i kommunedelplanen for Hjelmelandsdalen.

Eid kommune har over 70 setrer og dei færraste av desse er kartlagde. Kommunen har av den grunn ingen eigen plan for forvaltning og utvikling av desse setrene. Alle setrene er difor føreslege avsett til LNF-område med høve til spreidd hyttebygging med restriksjonen omsynssone kulturmiljø. I desse områda er det lite rom for modernisering i form av nybygg og tilbygg.

I kommunen sin samfunnsdel er det under kommunen sin forvaltarrolle vedteke at ein skal ta vare på naturressursar, kulturminner og særpreg i naturen. Vidare skal ein verne om særpreget på setrane, jf. samfunnsdelen punkt 5.14 og 5.15.

Strategien om å «verne særpreget» gjev rom for skjønn, og det er ikkje sikkert at det bør vere like strenge reglar for vern på alle setrane i Eid. Men så lenge dette temaet ikkje er nærare vurdert, så har rådmannen valt å leggje seg på eit «føre-var-prinsipp» og ikkje ta stilling til korleis verken Nakkesætra, Tippasætra, Bjørhovdesætra og dei andre setrane kan utviklast framover. Vi har i dag ikkje nødvendig vurderingsgrunnlag for å ta stilling til dette spørsmålet, og administrasjonen har heller ikkje nødvendig kompetanse til å setje til side Nordplan sine vurderingar av setrene som inngår i kommunedelplanen for Hjelmelandsdalen.

Mellom anna på bakgrunn av ovannemnde, har kommunen no starta arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminne. Kommunedelplanen skal avsluttast med ein handlingsdel som skal gjere greie for kva tiltak kommunen ynskjer å setje i verk for å ta vare på ulike kulturminne i framtida. Det er naturleg at ein i handlingsdelen tilrår ei kartlegging av setrane. Denne kartlegginga vil kunne danne grunnlag for ei differensiert forvaltning av setrane i Eid. Ei gjennomføring av dette arbeidet føreset at det vert sett av nødvendige midlar til arbeidet i kommunen sin økonomiplan.

Avsluttande kommentarar:

For ein fullstendig gjennomgang av innkomne innspel i denne høyringsrunden, viser rådmannen til vedlagt notat omtalt som «Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet – etter andre offentlege ettersyn».

Rådmannen kan elles orientere om at kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av kommuneplanen sin arealdel ikkje kan påklagast, jf. pbl. § 11-15 tredje ledd.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 for Eid kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse
- Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet
- Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø

28.05.2015 FORMANNSKAPET, SOM INNSTILLING TIL FORMANNSKAPET

Fellesframlegg frå formannskapet:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 for Eid kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre, med unntak av trase for ferjefrikryssing Lote-Anda og med unntak av fastlagde trasear for motorferdsel i Hjelmelandsdalen, jf. pbl § 11-16.

Rådmannen får fullmakt til å gå i mekling for å finne ei løysing på Statens vegvesen si motsegn til trase for ferjefrikryssing Lote-Anda og Fylkesmannen si motsegn til fastlagde trasear for motorferdsel i Hjelmelandsdalen.

Følgjande fullmakter vert gjevne:

Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:

- *Planomtale*
- *Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse*
- *Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet*
- *Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

I tillegg vart det lagt fram følgjande framlegg:

Fellesframlegg: *Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne. Samrøystes vedteke.*

Framlegg frå Tore Hjelle, H: *Næringsområde BN33 (Norsand) vert utvida med 5 mål, nord og aust for eksisterande område. Samrøystes vedteke*

Framlegg frå Magnar Aase, Eid Ap: *Tilbakeføre Bru 05 til LNF. Framlegget fekk 1 røyst og fall.*

Framlegg frå Tore Hjelle, H: *Gblr 56/123 buffersone mot Kolbjørn Alsaker blir utvida frå 30 til 100 m. Framlegget fekk 4 røyster og fall.*

Framlegg frå Sigurd Reksnes, Sp: *Gblr 56/5 vert teke ut av område B18 og tilbakeført som LNF område. Framlegget fekk 3 røyster og fall.*

F-091/15 VEDTAK, SOM INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 for Eid kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre, med unntak av trase for ferjefri kryssing Lote-Anda og med unntak av fastlagde trasear for motorferdsel i Hjelmelandsdalen, jf. pbl § 11-16 og med følgjande endring: *Næringsområde BN33 (Norsand) vert utvida med 5 mål, nord og aust for eksisterande område.*
2. Følgjande fullmakter vert gjevne til rådmannen:
 - a. Fullmakt til å gå i mekling for å finne ei løysing på Statens vegvesen si motsegn til trase for ferjefrikryssing Lote-Anda og Fylkesmannen si motsegn til fastlagde trasear for motorferdsel i Hjelmelandsdalen.
 - b. Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.
 - c. Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:
 - i. *Planomtale*
 - ii. *Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse*
 - iii. *Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet*
 - iv. *Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø*

3. Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne.

092/15: Bustadsosial handlingsplan 2015 - Fjellvegen 2 - budsjettendring

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

04.06.2015 KOMMUNESTYRET

Ny tilråding frå Formannskapet, etter innspel frå Rådmannen:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 for Eid kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre, med unntak av trase for ferjefri kryssing Lote-Anda, jf. pbl § 11-16 og med følgjande endring: Næringsområde BN33 (Norsand) vert utvida med 5 mål, nord og aust for eksisterande område. Trasear for motorferdsel i utmark i Hjelmelandsdalen vert teke inn i planen.*
2. *Følgjande fullmakter vert gjevne til rådmannen:*
 - a. *Fullmakt til å gå i mekling for å finne ei løysing på Statens vegvesen si motsegn til trase for ferjefrikryssing Lote-Anda.*
 - b. *Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.*
 - c. *Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:*
 - i. *Planomtale*
 - ii. *Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse*
 - iii. *Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet*
 - iv. *Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø*
3. *Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne.*

Det vart lagt fram følgjande endrings- og tilleggsskriftlegg:.

Framlegg frå Jorunn Sandvik, SV, tilleggsframlegg til pkt 1:
BRU05 og BRU06 råstoffutvinning i Vedvikmona vert tekne ut av planen.
Framlegget fekk 1 røyster og fall.

Fellesframlegg frå Venstre, Frp og Krf, tilleggsframlegg til pkt 1:
Område BRU05 (Råstoffutvinning) vert avgrensa til området aust for vegen til Leivdalen (ca 80 mål). Området vest for vegen (ca 50 mål) får planstatus som LNF-område. Framlegget fekk 17 røyster og vart vedteke.

Framlegg frå Tore Hjelle, H, tilleggsframlegg til pkt 1:
Gblr 56/123 buffersone mot Kolbjørn Alsaker blir utvida frå 30 til 100 m.
Framlegget fekk 12 røyster og fall.

Fellesframlegg frå Venstre, Frp og Krf, tilleggsframlegg til pkt 1
Avstanden mot Gblr 56/123 vert auka frå 30 til 50 meter.
Framlegget fekk 21 røyster og vart vedteke.

Framlegg frå Magnar Aase, Ap:

1. *Næringsområde BN33 Nordsmona blir utvida med 5 mål nord og vest.* Framlegget fekk 3 røyster og fall.
2. *Eid kommune skal utarbeide rutiner for å sikre at konsesjonsvilkår vert følgd opp, inkludert tilbakeføring etter masseuttak.* Framlegget fekk 7 røyster og fall.
3. *Det skal utarbeidast ein heilhetleg plan for masseuttak i Hjelle Krins.* Framlegget fekk 5 røyster og fall.
4. *Øvingsbane på Bjørlomona vert plassert på Reset.* Framlegget fekk 3 røyster og fall.

Framlegg frå Torbjørn Nes Hjelle, Sp:
Gblr 56/5 vert teke ut av område B18 og tilbakeført som LNF område.
Framlegget fekk 9 røyster og fall.

KS-062/15 VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2027 for Eid kommune vedteken i samsvar med rådmannen si tilråding, slik den ligg føre, med unntak av trase for ferjefri kryssing Lote-Anda, jf. pbl § 11-16 og med følgjande endringar:
 - a. Næringsområde BN33 (Norsand) vert utvida med 5 mål, nord og aust for eksisterande område.
 - b. Trasear for motorferdsel i utmark i Hjelmelandsdalen vert teke inn i planen.
 - c. Område BRU05 (Råstoffutvinning) vert avgrensa til området aust for vegen til Leivdalen (ca 80 mål). Avstanden mot Gblr 56/123 vert auka frå 30 til 50 meter. Området vest for vegen (ca 50 mål) får planstatus som LNF-område.
2. Følgjande fullmakter vert gjevne til rådmannen:
 - a. Fullmakt til å gå i mekling for å finne ei løysing på Statens vegvesen si motsegn til trase for ferjefrikryssing Lote-Anda.
 - b. Fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar og oppdatere føresegner og plankart i tråd med vedtaket.

- c. Fullmakt til å oppdatere følgjande dokument slik at dei samsvarar med vedtak og tilhøyrande saksutgreiing:
 - i. Planomtale
 - ii. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse
 - iii. Samandrag og vurdering av innspel til planarbeidet
 - iv. Strandsonevurdering - byggegrense i 100-metersbeltet mot sjø

3. Kommunestyret ber om at det skal utarbeidast ein differensiert forvaltningsplan for setrane, og at det skal vere eit prioritert tiltak i vidare arbeid med kommunedelplan for kulturminne.

Åslaug Krogsæter
-rådmann-